



Møteleiar: Kjetil Kristiansen

Referent: Martin Tvedt

Møtedato: 19.04.2024 **Tid og stad:** 09.00-10.00, Teams

Ref. dato: 23.04.2024

Saksnr: 2023/87802 **Saksbehandlar:** Kjetil Kristiansen

Deltakarar: Bengt Solheim-Olsen (Kinn), Kristin Maurstad (Kinn), Øyvind Bang-Olsen (Kinn), Rolf Bjarne Sund (Kinn), Terje Svardahl (Kinn), Paal D Skorpen (Florø Skyssbåt), Bjørn Egil Søndena (Norled), Håkon Bendiksen (Norled), Rune Langvik (Norled), Martin Tvedt (Skyss), Karl Inge Nygård (Skyss) og Kjetil Kristiansen (Skyss)

Fråverande: Ingen

Møte om nye båtruter mellom Kinn, Norled/Florø Skyssbåt og Skyss

| Nr | Sak |
|----|--|
| 1. | Generelt Skyss har lagt ut kundeinformasjon – Kommunen har også formidla denne informasjonen på sine egne nettsider. |
| 2. | Fartsprøver Det går føre seg test av fart på båtane i desse dagar ved Oma Baatbyggeri på Stord. Det har vore nokre utfordringar med hastigheit, men verft jobbar med optimalisering og operatør forventar å kome i mål innan kontrakten skal starte opp og at fartøya då held den hastigheita som trengs for å halde gjeldande ruteplan. |
| 3. | Ekstraturar I kontrakten står følgande: Oppdragsgjevar kan krevje at Operatør skal gjennomføre ekstra Turar dersom det er gjenståande passasjerar og/eller køyretøy. Norled og Skyss vil ha ein dialog om dette i fortsetjinga. |
| 4. | Spørsmål om Veiesund Florabassenget vil bli trafikkert av tre like båtar; MS Frey, MS Trym og MS Daging. |



| | |
|-----------|---|
| | <p>MS Frey og MS Trym vert operert av Norled, mens MS Daging vert operert av Florø Skyssbåt på vegne av Norled.</p> <p>Det er meninga å trafikkere Veiesund frå 1. mai med hovudbåt MS Frey/MS Trym.</p> <p>Grunnen til at MS Daging ikkje har gått dit, er at ein tidsmessig må rekkje tilbake for å lade, samt halde ruta.</p> <p>MS Daging er ennå ikkje modifisert med flaps, slik som dei to andre båtane er.</p> |
| <p>5.</p> | <p>Spørsmål om vær/vind</p> <p>Det er alltid ein innkøyringsperiode med nye fartøy. Ein må forvente at større fartøy kan gi fleire kanselleringar.</p> <p>Norled har eit system for å handtere informasjon/varsling om dårleg vær, slik at det varslast på førehand om ein kai kanskje ikkje kan betenes.</p> <p>Det er viktig for Kinn kommune at man ikkje kansellerer alt av turar når det er utfordrande vær, men berre kansellerer anløp til kaiene som er krevjande å anløpe i den konkrete situasjonen.</p> <p>Generell tilbakemelding frå Norled: Elektriske båtar vil naturleg gi eit anna utgangspunkt der fartøya er større grunna batteri og det er mindre fleksibilitet til å gjera tilpassingar enn det man har vore vane med når båtane har køyrd på diesel.</p> |
| <p>6.</p> | <p>Bilbestilling</p> <p>Det blir nettbestilling for bilbestilling som kundane er kjend med i dag. Dette kjem på plass snart. Dette vert det jobba med frå operatør si side. Denne løysinga er tilnærma lik den man har i dag. Midlertidig løysing er per telefon. <i>No show</i> har vore et stort problem. Det høyrer kanskje ut som det ein enkel sak å fikse, men det er utfordrande å få på plass eit system for dette og ønska løysing gir svært høge kostnader. Ein mogleg løysing på utfordringa kan vera at dei som tingar tur må bekrefte turen eksempelvis innan 48 timar før avgang, slik at andre får moglegheit til turar som ikkje vært nytta.</p> <p>Kinn kommune: varsling om booking og driftsmeldingar kjem på same nummer. Dette vert opplevd som utfordrande og rotete for kundane.</p> <p>Norled stadfestar at dette systemet legg opp til varsel per e-post, ikkje telefon (SMS). Meir brukarinformasjon vil koma frå operatør etterkvart.</p> |
| <p>7.</p> | <p>Bedrifter og last</p> |



| | |
|-----|---|
| | <p>Det er mogleg å ta med last på dei vanlege rutene, men store mengder stykkgoods o.l. vil føre til forseinkingar.</p> |
| 8. | <p>Betongbilar</p> <p>Maks dekkslast er 20 tonn. Lasta krev sentrisk plassering (markert på dekk) – Spørsmål frå Kinn: Er dette også ei utfordring mtp. at båten ikkje er plassert i senter når den ligg ved ferjekaibru?</p> <p>Florø Skyssbåt meiner at dette ikkje byr på store utfordringar i praksis. Spørsmål vil bli svart ut/stadfesta av operatør i etterkant av møte.</p> <p>Gravemaskinar: Sjølv om ein kan gå med ein 20 tonn gravemaskin ombord, vil ikkje dette vere tilrådeleg i høve sikkerheit og med omsyn til å halde rutetidene.</p> <p>Skyss legg også til at operatør har moglegheit å tilby ekstraturar for frakt av gods, så lenge det ikkje kjem i konflikt med dei til ein kvar tid gjeldande rutetabellane. Skyss skal haldast informert om slike oppdrag.</p> |
| 9. | <p>Ferjekai og båtmateriell</p> <p>Kontrakten 3.1.7 Fartøy og kai: <i>«Det er Operatør sitt ansvar at bilførande fartøy passar til ferjekaibruene. Eventuelle behov for endringar på ferjekaibru, låseanordning eller tilsvarande er operatørs ansvar og risiko. Fartøya si dekkshøgde skal vere slik at alle normale køyretøy utan spesielt låg klaring under karosseri kan køyre i land og om bord ved alle tidevassforhold mellom høgaste astronomiske tidevatn og lågaste astronomiske tidevatn, utan at køyretøy tar nedi eller får skadar. Ved forventning om tidevassforhold der fartøy ikkje vil kunne ta om bord køyretøy skal oppdragsgjevar varslast.»</i></p> <p>Norled jobbar med tilpassingar og utbetringar knytt til dette. Dei har også ballasttankar på båtane, som brukast for å tilpassa mellom båt og kai ved låg-/høgvatn.</p> |
| 10. | <p>Innsegling Færøy kai</p> <p>Norled har skutt ut ei grunne, men det er framleis eit problem knytt til innseglinga. Den er framleis for grunn på fjære sjø. Norled skal ta ei ekstra runde med Kystverket med omsyn til ein feilplassert stake i innseglinga.</p> <p>Norled ønsker å utbetre kaia, men ventar på godkjenning av igangsetting og ber kommunen om å bidra til fortgang med å løyse dette. Kinn kommune vil sjå på dette og sikre at operatør kjem vidare med desse planane.</p> |
| 11. | <p>Dobbel bestilling i Florabassenget Vest</p> <p>Opphavelag rutetabell la opp til tinging av stopp på Færøyna, Ånnøy og S. Nekkøy. Skyss har i dialog med Kinn hausten 2023 gitt ei skriftleg stadfesting på at dobbel tinging skulle vere mogleg også i ny rute. Det viser seg no at</p> |



| | |
|-----|--|
| | <p>dette ikkje er mogleg å få til frå oppstart. Dialogen mellom Skyss og operatør har ikkje vore god nok rundt dette og vi beklagar at det har kome ut feil ruteinformasjon. Skyss vil rette opp i feil som ligg i ruteinformasjonen som har vore gitt. Grunnen til at dette ikkje er mogleg å få til er at fartøya treng ladetid mellom avgangar. Norled bekreftar at dette blir utfordrande å få til utan å gå på akkord med klimakravet som ligg i kontrakten.</p> <p>Kinn kommune meiner dette kan løysast med rokeringar av nord og vest-ruta på ettermiddag, som kan opne for meir ladetid mellom avgangane og dermed meir tid til å handtere fleire kaiar på vestruta.</p> <p>Operatør er einig i argumenta til kommunen, men meiner dei treng noko tid til å kome i gang med drifta før ein ser på eventuelle justeringar mellom rutene.</p> |
| 12. | <p>Lastekapasitet Silda og rykte om mindre båt om vinteren MS Sea Service kan ta maks 1 tonn med dekkslast. Det er 4 kvadratmeter lastedekk. Kranen løfter omlag 1 tonn (avhengig av utstrakt lengde på løftearm).</p> <p>Det er fartøyet «MS Sea Service» som vil gå i ruta heile året.</p> |
| 13. | <p>Handtering av kommunale oppdrag - renovasjon Det er i høve kontrakten mellom Norled og Skyss høve til å reservere fast plass på turar for kommunens renovasjonsbil.</p> <p>Det er oppretta kontakt mellom Norled og NoMil.</p> |
| 14. | <p>Batalden landhandel Det har vore nokre utfordringar knytt til rokking av båtane som har ført til at Batalden Landhandel har fått levert mat, inkl. kjøle- og frysevarer, om ettermiddagen i staden for om morgonen.</p> <p>Florø Skyssbåt stadfestar at det har vore nokre utfordringar kring dette, men dette vil ikkje vera ein problemstilling når den nye kontrakten startar opp 1. mai.</p> |
| 15. | <p>Korrespondanse til båt (Kystvegekspressen) Skyss jobbar med å legge til rette for at buss i Bremanger korresponderer med Kystvegekspressen mot Måløy.</p> <p>Skyss noterer kommunen si oppmoding om god informasjon til kundane om kor buss går frå i Måløy sentrum ved innkomst om morgonen.</p> |
| 16. | <p>Verdikort Verdikort kan brukast fram til ut på hausten (tentativt oktober) når verdikort skal fasast ut. Kommunen må forholde seg til Norled på kjøp av enkelbillett</p> |



| | |
|-----|---|
| | <p>til ekspressbåten Bergen-Selje (nettokontrakt). Norled har eiga webside for bestilling og betaling, www.norled.no</p> <p>Båtbilletten blir tilgjengeleg i bedriftsløysinga til Skyss, slik at kommunen kan kjøpe billetter for sine tilsette der.</p> |
| 17. | <p>Dobbel betening Kinn-Rognaldvåg og Rognaldsvåg-Kinn på same tur</p> <p>Operatør og Skyss stadfestar at dette vert utfordrande å få til innafor gjeldande ruteplan utan å auke behovet for meir seglingstid. Det er mogleg å endre retninga, t.d. segle til Kinn før Rognaldsvåg og motsett.</p> |
| 18. | <p>Skuletur i sør</p> <p>Ny ruteplan legg opp til at skuleavgang kjem inn 5 minutt seinare enn i dag. Dette er utfordrande med omsyn til korrespondanse vidare for skuleelevar.</p> <p>Skyss og operatør har dialog om dette. Saka har høg prioritet.</p> |